



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug



Att: kulturavdelinga.

Stiftinga Nordgardsløa. Org. Nr.985 154 171. Regnskap 2020.


-----  
@

Vedlagt følger :  
Årsmelding. 2020  
Regnskaper.2020  
Revisjonsmelding. 2020

Frekhaug 11.mai 2021

Helsing  
Stifting Nordgardsløa

-----  
Tor Åge Ryland Tlf. 95210460. Mail [t-rylan@online.no](mailto:t-rylan@online.no)  
Regnskapsfører



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

## ÅRSMELDING FOR STIFTINGA NORDGARDSLØA FOR ÅRET 2020

### Kva type verksemd og kvar den blir driven.

Stiftinga Nordgardsløa er ei stifting som høyrer til på Frekhaug i Alver kommune.

Stiftinga administrerer og driv Nordgardsløa som eit lokale for møteverksemd og andre aktivitetar for medlemslaga. Andre lag og private kan også leige lokalet til ulike arrangement. Mottoet til stiftinga er «Samarbeid mellom organisasjonane, samhald mellom generasjonane».

### Styret og styret sitt arbeid. Medlemslaga sitt arbeid.

Styret sin samansetning i perioden frå siste årsmøte 16.juni 2020:

Formann	Jørn Kleiva	Kristent Fellesskap Nordhordl.
Styremedlem	Guttorm Dale	Lions Club, Alver
Styremedlem	Bjørnar Langeland	Meland Mållag
Styremedlem	Leiv Johnsen	Alver kommune (til 25.juni 2020)
	Mabel Johansen	Alver kommune (frå 25.juni 2020)
Varamedlem	Aslaug Haugland	Mental Helse
Varamedlem	Reidar Kjenes	Melandsknekten bridgeklubb

### Andre funksjonar:

Regnskapsfører:	Tor Ryland	Løas vener
Dugnadsleiar:	Guttorm Dale	Lions Club (frå 18.aug)
Vertskap:	Catrine Landsvik	(frå 1.september)

### Valkomite :

Tor Ryland	Løas vener
Bjørnar Langeland	Meland Mållag

## **Møteverksemd - Arrangement**

Styret har i 2020 hatt 4 styremøte og behandla 40 saker, i tillegg til årsmøtet.

Stiftinga hadde i 2020 10 betalande medlemslag, i tillegg har vi Alver kommune og Løas vener.

Aktiviteten i Løa fekk ein brå nedgang i samband med covid-19 pandemien. Mange som hadde booka løa til ulike arrangement, avbestilte etter nedstenginga 12.mars.

Til saman har medlemslaga i alt hatt 160 ulike arrangement og møte i Løa. Andre lag og organisasjonar har nytta huset 18 gonger. I tillegg har Gladtrimmen brukt Løa 11 onsdager på dagtid, Treningsglede (yoga) 4 mandagar og jazzkafe 1 fredag.

Utleige til private har vi hatt 15 av, mot 38 i 2019. Til saman har Løa vore i bruk til 209 arrangement. Utanom dette kjem aktivitetar som fellesdugnader og anna dugnadsjobbing. Når talet på dagar med aktivitet er såpass høgt, er det særleg talet på små samlingar for lag og foreningar som har auka i høve til før.

## **Vedlikehald og forbetringar**

Det vart utført felles dugnad 1. og 7.september, med ganske godt frammøte. Ny dugnadsleiar er Guttorm Dale, som la til retter for arbeidet: innvendig reingjering og utvendig rydding, spyling av huset, skjering av tre/hekk og anna hagearbeid. Utanom dette har enkeltpersonar og lag gjort ein del godt arbeid med innvendig og utvendig vedlikehald, stell av bed, kantklipping m.m. Det vart også støypt ny betongrampe framfor kjøkkeninngangen.

Eit viktig løft for løa i 2020 var å få skifta ut stolane. Dette blei gjort med hjelp av rause gåver året før frå nokre av laga og privatpersonar + to lokale forretningar.

På ettersommaren fekk vi utført arbeidet med å legge beslag på mønet på løa. På kjøkkenet i 2.etasje måtte dei sette inn ny oppvaskmaskin, då den gamle takka for seg.

## **Økonomi m.m.**

### **Gåver/støtte vi har fått i 2020:**

På grunn av dei sviktande inntektene i samband med corona-tiltaka, søkte Nordgardsløa v/Tor R. om støtte frå Koronafondet til Sparebanken vest, og fekk kr.30000.-. Gåver til nye stolar og bord var på kr.70.000.-. Frå kommunen fekk Løa kr.12500.-



### **Fortsatt drift.**

Årsregnskapet for 2020 er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Ein stadfester hermed at føresetnaden om fortsatt drift er tilstade.

### **Forsking og utvikling**

Stiftinga har for tida ingen pågåande forsking- eller utviklingsaktivitetar.

### **Arbeidsmiljø**

Styret meiner arbeidsmiljøet i stiftinga er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2020.

### **Likestilling**

Etter siste årsmøte er det tre menn og ei kvinne i styret (Kommunen sin representant fekk vi melding om først etter årsmøtet, vald 25.juni 2020). Det er ein kvinneleg vararepresentant, og kvinneleg vertskap.

### **Ytre miljø**

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

### **Sluttord**

Styret takkar for alt godt arbeid som har vore utført med tilsyn og vedlikehald av Løa. Og oppgåva som vertskap har vore utmerka skjøtta av Gunn Krokeide fram til 1.august, og deretter av Catrine Landsvik. Styret vil takke begge for godt arbeid og gode innspel til forbetring og drift av Løa.

Tor Ryland gjer eit omfattande og viktig arbeid med økonomi/rekneskap og med å søke økonomisk støtte. Stiftinga har siste året hatt reduserte leigeinntekter, som det går fram av rekneskapet. Vi har måtte tære litt på oppsparte midlar. Styret er takksam for at Tor ville ta på seg oppgåva med rekneskap og fakturering endå eit år.

Frekhaug 15.mars 2021

For Stiftinga Nordgardsløa

Jørn Kleiva




Jørn Kleiva  
Formann



Bjørnar Langeland  
Styremedlem



Leiv Johnsen  
Styremedlem



Guttorm Dale  
Styremedlem